

Møteprotokoll

Utval:	Administrasjonsutvalet
Møtestad:	Videomøte, Fjernmøte
Dato:	22.04.2020
Tid:	10:00-12:35

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Natalia A. Golis	Leiar	MDG
Aleksander Øren Heen	Nestleiar	SP
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Nils Haugland	Medlem	FNB
Benedicte S. Meyer	Medlem	UNIO
Hilde Kvamsås Aa	Medlem	UNIO
Svein Sandvold	Medlem	LO
Tore Andersen	Medlem	YS
Lin Anthun	Medlem	AKAD

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ingrid K.H. Svendsen	Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Hilde Withammer	HR-direktør
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse, til kl. 11.30.
Johan J. Meyer	HR-sjef
Karsten Oen	Seniorrådgjevar, HR-avdelinga
Magnus Odeen	Seniorrådgjevar, HR-avdelinga
Frank Dahl	Seniorrådgjevar, Innkjøpsavdelinga, frå k. 11.00.
Merethe Helland Nordnæs	Seniorrådgjevar/møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i administrasjonsutvalet 22.01.2020	2019/130	
	Referatsaker		
RS 4/20	Tilsette med innvandrarbakgrunn i HFK og SFFK pr 31.12.2019	2020/41573	
RS 5/20	Bruk av mellombels tilsetting i VLFK - Rapport 2020	2020/46287	
	Politiske saker		
PS 2/20	Tenestepensjon - evalueringskriterier	2020/38029	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 22.04.2020 - administrasjonsutvalet

Vedtak

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader.

Orienteringar:

-Presentasjon av avdeling for opplæring og kompetanse v/fylkesdirektør opplæring og kompetanse, Bjørn Lyngedal.

-Orientering om klassesaka v/fylkesdirektør for opplæring og kompetanse, Bjørn Lyngedal.

-Utfordringar ved heimekontor og korleis møter vi dette - ved organisasjonspsykolog Magnus Odeen/HR

GK 4/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i administrasjonsutvalet 22.01.2020

Møtebok frå møtet i administrasjonsutvalet den 22.01.2020 er lagt ved saka.

Saksprotokoll 22.04.2020 - administrasjonsutvalet

Vedtak

Møteprotokoll frå møte den 22.01.2020 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 4/20 Tilsette med innvandrarbakgrunn i HFK og SFFK pr 31.12.2019

Saksprotokoll 22.04.2020 - administrasjonsutvalet

RS sak 4/20 vart referert.

RS 5/20 Bruk av mellombels tilsetting i VLFK - Rapport 2020

Saksprotokoll i 22.04.2020 - administrasjonsutvalet

Politiske saker

PS 2/20 Tenestepensjon - evalueringskriterier

Saksprotokoll 22.04.2020 - administrasjonsutvalet

Aleksander Øren Heen, SP, sette fram slikt tilleggforslag:

«Administrasjonsutvalet ber om at innkjøpsprosessen sikrar at pensjonsportefølgjen ikkje vert investert i fond/aksjar som bryt med fylkeskommunen sine overordna mål for innkjøp. Viktige omsyn er sosial dumping, klima og miljø.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Heen sitt forslag vart vedteke mot ei røyst (FNB).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek til orientering resultatet av Vestland fylkeskommune si intensjonskunngjering knytt til å inngå kontrakt med KLP der Storebrand kom med motsegn og bad om at det vart gjennomført konkurranse som grunnlag for tildeling av kontrakt
2. Vestland fylkeskommune nyttar følgjande tildelingskriterium ved tildeling av kontrakt på levering av tenester i tilknytning til ordninga med tenestepensjon:
 - Totaløkonomi - vekt 50 %
 - Service og rådgjeving - vekt 20 %
 - Soliditet - vekt 20 %
 - Historisk avkasting - vekt 10 prosent
3. Konkurransen vert lyst ut i slutten av juni og saka om tildeling av kontrakt vert lagt fram for Fylkestinget i september til endeleg avgjerd
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere tildelingskriteria om det kjem nye moment fram i Pensjonskontoret sin rettleiar for 2020 som etter planen skal vere klar i midten av juni 2020
5. Administrasjonsutvalet ber om at innkjøpsprosessen sikrar at pensjonsportefølgjen ikkje vert investert i fond/aksjar som bryt med fylkeskommunen sine overordna mål for innkjøp. Viktige omsyn er sosial dumping, klima og miljø.